

Då Ole Magne Omdal i Iveland endeleg fekk ordførarkjede:

-Dette er meir enn eit smykke



Blide sjef i Iveland etter at Ole Magne Omdal hadde fått på seg det nye ordførarkjedet onsdag. Frå venstre: Kunstnaren som har laga kjedet, Reinhold Ziegler, Gro Anita Mykjåland frå komiteén som har hatt ansvaret for saka om ordførarkjedet, ein stolt ordførar og lengst til høgre May Britt Topland frå komiteén med ansvar for den gode saka.

-Dette er noko langt meir enn eit vakkert smykke. Det er symbolikk på det som held oss saman i ein liten kommune, det som starta som entreprenørskap for nokre år sidan, og som har vakse fram til eit sterkt samhald også i kommunestyret, sa Ole Magne Omdal i Iveland då han på tampen av eit langt kommunestyremøte onsdag fekk overrekket det nye ordførarkjedet laga av kunstnaren Reinhold Ziegler.

Tekst og foto:
Sigurd Haugsgjerd

Ole Magne Omdal er den siste i ordførarkollegiet på Agder som får sitt ordførarkjede. På strak arm onsdag oppmoda han heile kommunestyret

om å stille i årets 17.mai-tog i Iveland, - så eg slepp å gå der og sprade åleine, som han sa. For han er innstilt på å la innbyggjarane få høve til å studere det flotte ordførarkjedet på nært hald den dagen.

-Om me var sist ute, trur eg me har fått det flottaste kjedet på Agder, sa Omdal og strauk

varsamt over den lokale skriftgranitten som pregar mykje av smykket. Mineralet er henta frå same skotet i 1985 som den skriftgranitten kongeparet fekk under besøk i Iveland for nokre år sidan, fortalde kom-

munen sin eigen fagmann på området, Kjell Gunnufsen.

Mineralkommunen

Sjølve kjedet har naturleg nok som grunnidé at Iveland er internasjonalt kjend for sine rike mineralfunn. I lange periodar har det også vore kommersiell gruvedrift i kommunen. Kjedet er sett saman av gruvevagner (vaggar) som er fylte med skriftgranitt frå Iveland, med ivelandskart i sølv og ein gruvehammar nederst. Koplinga symboliserer ikkje berre samhaldet i kommunen, men endå meir konkret Setesdalsbanen som har vore så sentral for utviklinga i Iveland. Poenget har også vore å få fram symbolikken om ein kommune som dreg i lag.

Til overs i fylket?

-Eg har ikkje tenkt mykje på at me ikkje har hatt ordførarkjede i Iveland, men ei stund var eg inne på at det kanskje kunne ordne seg ved at det vart eit kjede til overs i fylket viss me fekk til ei fylkessamanslåing på Agder, sa Omdal spøkefullt. Då han derimot "bladde om", vart

han alvorleg og tala som den lekpreikaren han er, med entusiasme om den gode ånda i kommunen som han snart har styrt i fire valperiodar. Om halvtanna år gir han seg, men ordførarkjedet skal han i alle fall bruke i den lange innspurten, alt i neste veke på eit offisielt oppdrag.

Langt framme med visjonar

Han takka initiativtakarane med varaordførar Lars Arnfinn Flatelid (Frp) i spissen.

-Eg skal bere kjedet med respekt og etter dei reglane som er sette opp og elles etter det skjønnest eg enno måtte ha noko att av, sa han og la til:

-Me har kanskje vore trege med å skaffe oss ordførarkjede her i Iveland, men me har vore i forkant når det gjeld å tenkje nytt. I dag har me også vore gjennom eit langvarig, men konstruktivt kommunestyremøte der me mellom anna har stått fram som skuleeigarar med visjonar og tankar om utfordringane framover. Også ny sentrumsmodell for Iveland vart presentert den dagen.

Skuleelevane i mineralkonkurranse



Iveland kommune sin fagman på området, Kjell Gunnufsen inviterte alle elevane som går på skule i Iveland, til å delta i mineralkonkurranse om det nye ordførarkjedet.

I samband med at også Iveland kommune endeleg fekk sitt ordførarkjede i denne veke, vart det onsdag arrangert konkurranse mellom alle elevane som går på skule i Iveland. Ordførarkjedet inneheld ei bergart og to mineral. Spørsmålet elevane fekk, var om dei veit namnet på dei to kjende minerala frå Iveland som er representerte i det nye ordførarkjedet. Vinnaren får ein gratis helikoptertur og eit smykke med same bergart som i ordførarkjedet. Ni andre vinnarar får også eit smykke.

Helikopterturen blir torsdag i neste veke kl. 12 frå sentrumstomta på Birketveit. Ordføraren vil offentliggjere vinnarane, og kommunen spanderer pølser og brus for å lage fest rundt konkurransen. Svarfristen går difor ut alt i dag, så det gjeld å kaste seg rundt. Vinnaren av helikopterturen kan ta med seg ein ven eller ein av foreldra.

-Me ventar at det kjem inn mange svar, sa kommunen sin fagmann på området, Kjell Gunnufsen under avdukinga av ordførarkjedet onsdag.

Samhald som går vidare

-Koplingane mellom gruvevagnerne i det nye ordførarkjedet i Iveland er gjort unormalt kraftige for å framheve verdien av å halde saman, sa kunstnaren som har laga smykket, Reinhold Ziegler under overrekkinga.

Ordførar Ole Magne Omdal svarte at kjedet også symboliserer samhaldet i kommunestyret, - ein god atmosfære som gjennom ordførarkjedet skal bli vidareført til dei som kjem etter oss, sa Ole Magne Omdal som altså gir seg i gjerninga om halvtanna år.

Kva han då vil gå laus på, veit visst ingen, - ikkje eingong han sjølv.

Kunstnaren Reinhold Ziegler (t.v.) og varaordførar Lars Arnfinn Flatelid presenterer det nye kjedet.



Kommunestyret i Iveland avslutta ein lang møtedag onsdag med å vere vitne til at det nye ordførarkjedet vart avduka.